

Studiestyresak: **19/12**

Saksnr.: 2019/8064

Møte: 8. november 2019

Studieplanendringar for studieåret 2020/2021 og vårsemesteret 2020

Hovudfristen for innmelding av studieplanendringar var 01. oktober 2019. For å gi fagmiljø tid til kvalitetssikring av redaksjonelle endringar på emne og studieprogram har fakultetet gitt ein ettersendingsfrist 18. oktober. Fagmiljø som har sendt inn endringar ligg vedlagt saka på [wikisida](#).

Lektorutdanningsutvalet har levert revidert studieløp for Lektorprogrammet, der blant anna lektorprogrammet har fått INF100 inn i første studieår og antal valfrie studiepoeng retta mot masteroppgåva vert redusert med 10 SP. Det er også gjort oppdateringar i obligatoriske emne blant anna som ein konsekvens av at MOL100 og KJEM210 byter undervisningssemester

Institutt for geovitskap har ettersendt emneskildringar på GEOV342 og GEOV344 og vitnemålstekstar.

Kjemisk institutt har sendt inn forslag til nye opptakskrav til masterprogrammet i kjemi, i tillegg til læringsutbyteskildringar, vitnemålstekstar og diploma supplement for bachelorprogrammet i nanovitskap og kjemi. Instituttet varslar også om eit nytt emne MTEK320 Flow-kjemi som skal gå fyste gong våren 2021. På emnet NANO100 er det meldt inn ei redaksjonell endring i forkunnskapskrav. Programstyret for det integrerte masterprogrammet i medisinsk teknologi har også gjort ei lita oppdatering i valemne for studieprogrammet.

Geofysisk institutt har meldt inn redaksjonelle endringar i læringsutbytet for det integrerte masterprogrammet i energi.

Institutt for biovitskap har meldt inn redaksjonelle endringar på fleire emne og enkelte studieretningar. I tillegg er det meldt inn studieplan- og vitnemålstekstar for bachelor- og masterprogram i molekylærbiologi. Det er også gjort endringar i studieløpet for bachelorprogrammet i biologi der blant anna PHYS101 skal ut av spesialiseringa og inngå som obligatorisk emne.

Fakultetet sin kommentar

Ein kan definere PHYS101 ut av vurderingsgrunnlaget til master dersom dykk ikkje ynskjer å bruke dette emnet. Fakultetet vil undersøke korleis ein skal setje dette opp teknisk og forskriftsmessig.

Fullmakt

Fakultetet har sendt ut brev til alle studieprogram om bruk av det nye matematikkemnet MAT105 (2019/8064). Ein konsekvens av dette kan være at enkelte studieprogram ynskjer å legge til MAT105 i studieplanane. For å gjere denne prosessen smidig ber fakultetet studiestyret om fullmakt til å vedta desse endringane utan å gå igjennom studiestyret.

Forslag til vedtak

Styret vedtok studieplanendringar frå Lektorutdanningsutvalet og dei redaksjonelle endringane som institutt har fremja. Vidare gir styret fakultetet fullmakt til å vedta endringar i studieplanar som institutt fremjar i samband med det nye matematikkemne MAT105.

Bergen 04. november 2019 MN/STB